



Vestnorsk fjordlandskap



Dei sameinte nasjonane
sin organisasjon for
utdanning, vitenskap og kultur



Vestnorsk
fjordlandskap

Klima- og miljødepartementet
Pr. epost.

Dykkar ref.: 19/4280.

Aurland/ Geiranger, 15. januar 2020.

Ekspertutvalet sin sluttrapport for reduksjon og behandling av farlig avfall - uttale frå Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap.

Vi syner til Dykkar oversending av ekspertutvalet sin rapport for evt. uttale innan 15. januar d.å.

Innleiing

Vestnorsk fjordlandskap vart innskrive på UNESCO si verdsarvliste i juli 2005 som Noreg sin fyrste og til no, einaste naturarv. Verdsarvstatusen er fyrst og fremst tufta på naturvenleik og geologi/geologiske prosessar over millionar av år, men busetnad og menneskeleg aktivitet i fortid og notid tilfører naturlandskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og forsterkar statusen.

UNESCO sin Verdsarvkomite slo vidare fast i sitt vedtak : «*Vestnorsk fjordlandskap er klassiske, framifrå velutvikla fjordar, og vert rekna for å vere typelokalitet for fjordlandskapa i verda. Storleiken og kvaliteten på desse fjordane kan samanliknast med andre fjordar på Verdsarvlista, og dei utmerkjer seg med sine klimatiske og geologiske tilhøve. Området syner alle element av landformer knytt til dei indre delane av to av dei lengste og djupaste fjordane i verda.*

Nærøyfjord- og Geirangerfjordområda vert rekna mellom dei framifrå vakraste fjordlandskapa på kloden.»

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap (VAR) som vart etablert i januar 2006 har som si fremste oppgåve å arbeide for ivaretaking og fremjing av verdsarvstatusen tildelt Nærøyfjord- og Geirangerfjordområdet i fellesskap.

Rådet er samansett av ordførarane frå Stranda, Fjord (*tidl. Norddal*), Aurland, Vik, Voss og Lærdal kommunar, fylkesordførarane frå Vestland og Møre og Romsdal samt fylkesmennene frå dei før nemnde fylka. Miljødirektoratet, Riksantikvaren, Sjøfartsdirektoratet og Klima- og Miljødepartementet har møte – og talerett.

Denne uttalen gjeld for ordens skuld den delen av rapporten som omtalar og vurderer lokalitetar for avfallsdeponi. Repr. for Norsk Gjenvinning m³AS og Gudvangen Stein AS har i møte den 8. januar d.å. orientert om planar og prosess for etablering av avfallsdeponi i sistnemnde selskap sine fjellhallar i Jordalsnuten.

Med grunnlag i det som no ligg føre fremjar VAR fylgjande uttale:

- Jordalsnuten ligg som kjent innanfor grensene til verds- og naturarveområdet Vestnorsk fjordlandskap. Dette ser vi ikkje er nemnt eller omtalt ved vurdering av lokalitet; noko vi vel å tru er ein inkurie frå ekspertutvalet si side.

Verdsarven Vestnorsk fjordlandskap er medlem av ein heilt eineståande global familie som p.t. tel over 1100 stadar/ objekt som repr. umisteleg natur-og kulturverdiar for oss og framtidige generasjonar.

Vestnorsk fjordlandskap utgjer igjen 1 av 250 naturarvområde og **1 av berre 50 marine verdsarvområde.**

Dette set Vestnorsk fjordlandskap i særstilling i høve andre stadar på UNESCO si Verdsarvliste. Det tilseier og på same tid at verdsarvstatusen må vere ein premiss for utviklinga i området.

Nærøyfjord- og Geirangerfjordområdet er samstundes eit svært attraktivt reisemål som årleg vert vitja av i overkant ein million gjester. Fjord- og fjellandskapet er i reiselivssamanheng Noreg sitt fremste reisemål og «*Reason To Go*» for mange gjester til landet vårt. Vakre og maleriske bilete av verdsarvfjordane pregar internasjonale kampanjar i regi av både Innovasjon Norge og Fjord Norge.

VAR er medvitne ansvaret for å handtere avfall på ein forsvarleg og samfunnsnyttig i måte. I dette høvet er vi likevel uroleg for kva konsekvensar etablering av eit avfallsdeponi vil få for verdsarvstatusen sin legitimitet og omdømme.

Uansett konklusjonar og framdrift for deponi i Jordalsnuten, må det ikkje kunne reisast spørsmål ved sjølve verdsarvstatusen for området. Difor føreset VAR at forvaltninga på alle nivå set tydelege krav og vilkår til konsekvensutgreiingar kor påverknad på verdsarvstatusen har ein sentral plass. VAR føreset vidare at UNESCO-senteret i Paris tidsnok vert orientert om prosessen.

Til sistnemnde syner vi til pkta. 118bis og 172 i *Operational Guidelines for the Implementation of the World Heritage Convention* (Juli 2019)

Leiar Verdsarvrådet

Nestleiar Verdsarvrådet

Arne Sandnes
sign.

Hans Erik Ringkjøb
sign.

Kopi:

- Kommunane Aurland, Vik, Voss, Lærdal, Fjord og Stranda.
- Fylkesmannen i Vestland og Møre og Romsdal.
- Vestland fylkeskommune.
- Miljødirektoratet.
- Gudvangen Stein AS v/ Arnstein Bjørke.
- Norsk Gjenvinning m³ AS v/ Randi Warland Kortegaard.